

Vår ref.: 2015000826-12/2018001906 Arkiv: N - 245 Dato: 13.02.2018

DOKUMENTASJON PÅ SØKNAD 2018

PLAN FOR DRIFT OG VEDLIKEHALD MED ANSVARSFORDELING

Sveio kommune er hovudansvarleg for prosjektet og vil ha ansvar for drift og vedlikehald, i samarbeid med Valestrand bygdelag og Friluftsrådet Vest.

Traseen går langs eksisterande veg og vedlikehaldet begrenser seg til å ettersjå at skiltinga blir oppretthalde.

Eventuelt vedlikehald blir gjort på dugnad av bygdelaget i samarbeid med kommunen.

Parkeringsareala er opparbeida og blir holdt vedlike av ulike; Sveio kommune, Vegvesenet m.fl.

AKTIVITETSPLAN

Det er god kapasitet i området for parkering på ulike stader langs traseen. Dei ulike parkeringsplassane, opnar for ulik start på rundturen i kulturlandskapet.

Kapasiteten er så stor, at dette ikkje begrenser aktiviteten i området. Derfor er det mogleg å ha større arrangement, eit døme er «Vandring i Fartein Valen sitt landskap» (sjå vedlegg)

Valestrand oppvekstsenter ligg sentralt plassert i løypa. På senteret finn ein i dag både barnehage og skule (1.-7. trinn). Senteret har i tillegg grendahusfunksjon og er mykje brukt både på dagtid, kveldstid og i helgar av dei lokale.

I tillegg til arrangement som «Vandring i Fartein Valen sitt landskap», ser ein at området er populært for turistar og besøkjande frå andre stader i kommunen og regionen. I samband med Liv&Lyst-prosjektet «Kulturbygda Valestrand» med auka fokus på aktivitet for å trekke til seg besøkjande, forventer ein at det er trong for tilrettelegging av området. Prosjektet blir sett i samanheng med skilting av kulturminner i området, noko som aukar attraktiviteten.

Marit Persen Liknes
Rådgjevar